

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

Vedtak

Hordaland fylkeseldreråd vedtek slik uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029:

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil særleg framheva kapitlet «Universell utforming» (kapittel 10) som ein viktig del av Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP) sett frå fylkeseldrerådet sin synsstad. Fylkeseldrerådet støttar NTP si vektlegging av arbeidet med universell utforming slik det kjem til uttrykk i dette kapitlet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at å gjera det lettare å nytta kollektivtransport som buss og jarnbane, men også fly, har mykje å seia for i kva grad folk kan og vil nytta kollektive transportmidlar.

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil understreka at god, trygg og enkel tilgjenge til transportmidlar er til føremon for alle, ikkje berre for eldre og rørslehemma. Rådet vil særleg nemna desse tiltaka som viktige: låge trinn i flukt med plattform på buss og tog, og heis i jarnbanestasjonar med fleire nivå for tilkomst til plattformane. På flyplassar må det leggjast til rette for tilførsel utan trapper til flya, og der det er lange avstandar for å nå terminalane må det installerast rulleband.

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til formuleringa i NTP sitt kapittel 10 om at «trafikanterne [har] behov for god informasjon om reisen og enklere billettering med universelt utformede billettautomater» og «trygghet og sikkerhet på reisen.» Vidare meiner fylkeseldrerådet at honnørbillettordninga må oppretthaldast.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner dessutan at det må byggjast gangveggar og sykkelveggar langs hovudvegane samstundes som hovudvegane blir bygde. No som fleire og fleire eldre og yngre tek i bruk elektriske rullestolar og elektriske sykklar, er det viktig at vegsystemet er lagt til rette for slike transportmiddel/ køyretøy.

Når det gjeld vegstandard, særleg i distriktsnorge, må Statens vegvesen arbeide for at vegane blir vedlikehaldne og er trafikksikre. Fylkeseldrerådet er vidare samd i at Statens vegvesen må trappe opp trafikksikringstiltak for eldre over 75 år.